



KYRKJEBLADET

FOR VESTNES

NR. 1 - MARS 2010

15. ÅRGANG



GOD PÅSKE!

Biletet viser altartavla i Fiksdal kyrkje.
Maria Magdalena og Maria, Jesu mor, står ved krossen.
Øverst ser vi Jesu triumferande himmelferd.

Jesu oppstandelse - myte eller faktum?

Av Øivind Benestad, Medlem av Agder og Telemark Bispedømmeråd

Kristne er enige om at Jesu oppstandelse er verdenshistoriens viktigste hendelse. Andre mener at Bibelen ikke forteller sannheten når den beretter om Jesu oppstandelse. La oss se på de vanligste teoriene.

1) BEDRAG

Argument: Disiplene visste at Jesu oppstandelse var en bløff, men bestemte seg likevel for å forkynne at Jesus var oppstått. *Motargumenter:* Etter å ha møtt Jesus etter oppstandelsen, ble alle disiplene forvandlet fra ynkelige feiginger til modige vitner. De fleste av dem ble etter hvert drept for det de trodde på og forkynnte. Ville de ha gått i døden for noe de visste var løgn og bedrag? Ville ikke noen av dem under tortur ha avslørt bedraget?

Teorien om et bevisst bedrag stemmer dårlig med det vi vet om apostlenes karakter. Der- som de hadde diktet opp Jesu oppstandelse, er det dessuten uforståelig at de valgte kvinner som de første vitnene, - de som i samtiden hadde lav status og ofte ble regnet som lite troverdige. Og hva med den tomme graven? Jesu motstandere var svært interessert i å fremskaffe Jesu døde kropp og vise den fram, men de greide det ikke. Graven var tom.

2) LEGENDE

Argument: Troen på Jesu oppstandelse er i virkeligheten ikke mer enn en from legende. *Motargumenter:* Sagn og legender utvikler seg vanligvis over tid – i god avstand fra begivenhetene. Disiplene forkynnte Jesu oppstandelse fra dag én. Allerede på 1. pinsedag proklamerte Peter oppstandelsen (Apostlenes gjerninger 2,22-36). I resten av Det nye

testamente er Jesu oppstandelse et kjernepunkt. Også Jesus selv talte tydelig om at han skulle dø og stå opp igjen (bl.a. Markus 8,31; 9,31; 10,34). Jesu oppstandelse er beskrevet realistisk og nøkternt, uten de særegenheter som oftest kjennetegner sagn og legender.

3) HALLUSINASJONER


Argument: Disiplene hadde synet og hallusinasjoner av Jesus etter korsfestelsen. I god tro forkynnte de så at han var oppstått og at de hadde møtt ham.

Motargumenter: Hallusinasjoner og synet kommer ofte etter at en person har drømt, grublet og lengtet etter at noe skal skje. For disiplene kom oppstandelsen derimot uventet, og først trodde de det ikke. De fleste var dessuten jordnære fiskere og håndverkere, ikke luftige mystikere. Hallusinasjoner er som oftest individuelle, men Jesus møtte disiplene som gruppe ved ulike anledninger.

4) BESVIMELSE

Argument: Jesus døde ikke på korset, han bare besvimte av tortur og blodtap. Han våknet til live igjen i graven.

Motargumenter: Romerske soldater hadde lang erfaring med korsfestelser. Historikere kjenner ingen som noen gang overlevde en romersk korsfestelse. Selv for en frisk mann ville det vært nesten umulig å komme seg ut av de stramme likklærne og rulle vekke den enorme steinen. For en som hadde hengt på et kors i flere timer og ikke fått mat og drikke på to-tre døgn, ville det ha vært komplett umulig. Disiplene ville dessuten lett ha sett forskjellen på en halvdød mann som trengte intensiv pleie og Jesus som dødens seierherre.



5) FEIL PERSON

Argument: Jesus ble ikke korsfestet og stod derfor heller ikke opp igjen. Muslimene tror f.eks. at en annen ble korsfestet i stedet for Jesus.

Motargument: At Jesus ikke ble korsfestet, strider mot alle historiske vitnesbyrd om Jesus. Det er utenkelig at disiplene, Jesu mor, soldatene og alle andre tok feil av personen som ble korsfestet for øynene på dem. Har Koranen, som ble skrevet 600 år etter Jesu død, større troverdighet i dette spørsmålet enn alle øyenvitnene?

HAN LEVER!

Jesus er ikke i graven. Han overvant døden. Dette har vært kirkens tro gjennom to tusen år. Utallige mennesker har selv møtt ham og fått nytt liv i ham. Jesu soningsdød på korset er betalingen for våre synder. Oppstandelsen er kvitteringen på at det han gjorde på korset, er gyldig. Paulus sier i 1 Korinterbrev 15,14: "Er ikke Kristus stått opp, da er vårt budskap tomt, og deres tro er også tom." Så viktig er Jesu oppstandelse.

Nytt kyrkjelydshus i Fiksdal

Av Finn Arne Roaldsnes Foto: Janne Nakken

Den 24. januar vart første etasjen i det nye kyrkjelydshuset i Fiksdal innvia.

Det var tydeleg at dette var ei stor hending, for huset vart til slutt heilt stappa fullt av folk som ville vere med på opninga av dette flotte bygget.

Ivar Magne Bergheim hadde laga ein fotoserie som viste korleis bygget hadde reist seg. Ikkje minst fekk vi sjå dei mange som hadde deltatt på ulikt vis. Ein solid, glad og innsatsvillig dugnads-gjeng står bak.



Kyrkjelydshuset i Fiksdal .

Som seg hør og bør for ein innviingsfest, vart her både talar, helsingar, gåveoverrekkingar og mange fine song- og musikkinnslag. Og sjølv sagt; masse god mat og drikke.

Det nye kyrkjelydshuset er eigd av ei stifting der indremisjonen, soknerådet og Misjonsforbundet er representerte. Det vil seie at alt arbeid i kristeleg regi i Fiksdal vil foregå anten i kyrkja eller i det nye huset. Det er starta opp barne- og ungdomsaktivitetar i huset som alt no har fått stor oppslutnad.

Det neste byggetrinnet er under planlegging. Det skal innehalde grupperom, kjøkken og ein stor forsamlingssal. Vi som var med på den store innviingsfesten, kunne tydeleg registrere ein stor iver etter å få starte opp. No er det opp til alle gjevarar å vere med på å sette fart i prosessen. Gode gaver får opp lysta til å sette i gang.



Ordfører Øyvind Uren helsa frå kommunen.



Tidlegare prest i Fiksdal, Leif Sæter, overrekte eit sjølvmåla bilete til leiaren for stiftinga, Kari Nakken.



Fullt hus og stor stemning.



Richard Powell leia mannskoret og spelte sjølv eit musikkstykke på det nye pianoet.

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2010 – Det nyttar verkeleg!

– Det var sterkt å sjå bileta av heimen til familien Tran etter at tyfonen Ketsana herja Vietnam i haust. Huset stod like trygt, seier kateket Bjørn Losvik frå Ulsteinvik.

I fjor sommar besøkte Bjørn Losvik, kateket i Ulsteinvik, og tre norske konfirmanter familien Tran i Vietnam. Det vart eit møte som har sett djupe spor.

Dramatisk natt

– Familien Tran fortalte oss den dramatiske historia om korleis dei vart tvinga til å flykte frå det gamle huset sitt midt på natta på grunn av flaumen to år tidlegare, fortel Losvik.

Ei haustnatt i 2007 vart familien Tran vekt av at vatnet berre steig og steig inne i huset deira. Mamma Tran Thi Thu Thuy, pappa Tran Viet Dung og dei fem barna deira måtte flykte frå heimen sin i hui og hast. Faren i familien tenkte berre på éin ting: Å redde barna sine. Han kom seg ut i vatnet og førte familien til ein trygg stad, ut av huset og til eit område som ligg høgare.

– Yngstebarnet deira var berre tre månader. Det er klart at eg – som sjølv har barn – får sterk sympati for foreldre som må kjempe for å redde barna sine på denne måten, seier Losvik.

Familien Tran overlevde, men heimen deira vart øydelagd og dei mista mange av egedelane sine. I to månader, medan dei venta på at vatnet skulle søkke igjen, måtte dei bu i eit skur av plast og bambus. Mat, reint vatn og helsa til barna vart noko dei måtte uroe seg for i det daglege.

Trygge no

Som éin av mange familiar i nærområdet har familien Tran fått stønad av Kirkens Nødhjelp til å byggje nytt og flaumsikkert hus i mur og betong. I stova er det ein hems i taket. Her kan famil-



Tran Thi Thun Kim (5) viser korleis familien kan klatre opp på hemsen når flaumen råkar.

ien lagre matvarer, og når vatnet stig på ny, er vegen kort til ein trygg stad.

– Medan vi var der, såg vi det gamle, øydelagde huset, som stod vegg i vegg med det nye, solide huset. Eg tenkte at det var bra vi fekk sett det: Pengane når fram, prosjekta til Kirkens Nødhjelp er gode. Det nyttar verkeleg. Men det sterkaste av alt var e-posten eg fekk etter at tyfonen Ketsana herja Vietnam i september 2009. Her var det eit bilete av familiefaren, som peikte på grunnmuren til det solide, nye huset for å vise kor høgt vatnet hadde stått. Huset var like heilt, seier kateketen i Ulsteinvik.

Innsamlingsaksjon 23. mars

Tysdag 23. mars set kyrkjelydane i Vestnes søkjelyset på den utsette stillinga til fattige menneske i møte med flaum, tørke og ekstremvær. Da går Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2010 av stabelen, og tusenvis av konfirmanter, unge og vaksne over heile landet går med bøsse.

Ta godt imot konfirmantane når dei bankar på døra di! Du kan også støtte aksjonen gjennom givartelefon: 820 44 088 (200 kroner) eller via kontonummer 1594 22 87493.

Nina Kvernmo
Distriktskontakt

Edvard Hoem i Vestnes kyrkje 16. mai kl 18.00

Markering av Bjørnsonjubileet, han snakker om religiøsitet og kristendom hos Bjørnson.

Marta Balstad syng romancer av Halfdan Kjerulf og Edvard Grieg med tekster av Bjørnson, akkompagnert av Sissel Schjøtt.

Besøk frå Evangeliesenteret

Vike kyrkje har glede av å få besøk frå Evangeliesenteret. Leiar for gruppa er Kjell Huseby. Han var òg leiar for Evangeliesenteret på Vaksvikfjellet ei tid. Møtet blir den 6. april kl. 19.30. Alle hjarteleg velkomne! Kollekt.

Inspirasjonssamling

Av Solveig Frafjord

Måndag 15. februar inviterte kyrkja til inspirasjonskveld for frivillige som driv kristent barnearbeid rundt om i kommunen. Vi var om lag 18 personar samla på Vestnes bedehus den kvelden. Søndagsskulekonsulent i Romsdal, Randi Marie Solbakken, kom og hadde seminar om "kreativ formidling til barn" som var både spanande og lærerikt. Det vart ein sosial og triveleg kveld med erfaringsdeling, åndelig "påfyll" og god mat!



Nokre av dei frammøtte i godt lag!



Engasjert søndagsskulekonsulent.

Positiv utvikling i kyrkjelydane

Av Finn Arne Roaldsnes

Tal for kyrkjeleg årsstatistikk viser at det er ein samla auka i oppslutning om gudstenestene i samarbeidsområdet (Vestnes, Fiksdal, Vikebukta og Tresfjord).

Går vi tre år tilbake, er auken slik: 10412(2009)/9961/10151. Men vi må nok vedgå at det er vanskeleg å nå opp til tala som var på til dømes 90-talet.

I 1995 var det 12000 deltakarar i kyrkjene, med ein gjennomsnitt på 84. Men på den tida var det langt fleire gudstenester, heile 142. Tar vi gjennomsnittet for oppmøte i 2009, så er gjennomsnittet 90. Det er ein faktisk auke!

Ser vi på tala for oppmøte i dei einskilde sokna, vert desse slik (tala frå 2008 står i parentes):

Vestnes: 6375(5338), Fiksdal:1365(1585), Vike:720(1526). Her vart ein stor landsleir tald med. Tresfjord:1952(1512).

Av andre tal kan vi nemne: Utmelde 8(8), døypte busette i sokna 55(58), konfirantar 94(84), vigde 14(13), klassebesøk i kyrkjene 24(11), kyrkjeofringar kr. 241693.-(228027).

Tur til Veøya

Soknerådet i Vestnes arbeider med planar om ein søndagstur til Veøy den 6. juni.

Tanken er å ta båt frå Vestnes. På øya får vi vere med på ein spennande pilegrimstur leia av diakonen i Bolsøy, Rune Hvidsten.

Dersom du vil vere med, kan du alt no melde di interesse til Vestnes kyrkje kontor på tlf. 71184232.



Veøy kyrkje.

Konfirmantaktivitetar!

Som ein del av undervisninga er konfirmantane med på mange ulike aktivitetar. Måndag 8. februar var både foreldre og konfirmantar inviterte til "rock mot rus" med Hans Inge Fagervik i Vestnes kyrkje. Det vart ein innhaldsrik kveld der mange viktige tema blei tatt opp. Laurdag same veka var alle konfirmantane samla på Idahall i Tomrefjord. På programmet stod det seminar om "identitet og integritet", pizza, konsert og moro! Vi hadde besøk av "Team Compass" som stod for det meste av opplegget, ei gruppe ungdomar som reiser rundt i landet for blå. Kristenrussen og Skjærgårds Music and Mission. Neste fellessamling for konfirmantane blir i høve fasteaksjonen.



Hans Inge Fagervik



Her blir vi litt betre kjent med Team Compass.



Pizzapause.



Vokalistane i Team Compass.

Babysong er i gang i Tresfjord og Vike!

Tysdag 09. mars kl 10.30 i Tresfjord kyrkjestove

Tysdag 13. april kl 10.30 i Vike kyrkje

Tysdag 11. mai kl 10.30 i Tresfjord kyrkjestove

Leiar: Inger Marie Jakobsen Sylte

Påmelding til kyrkjekontoret 71 18 42 32 / 911 23 045

Vestnes Barnegospel

Har øvingar torsdagar frå kl 18:00 til 18:45 i Vestnes kyrkje

Påskestemming i februar!

Av Solveig Frafjord

26.-28. februar reiste ein gjeng KRIK-arar på vintertur til Strandafjellet. Vi hadde nydelege dagar med sol og fine snøforhold, bålkos i måneskinn, leik og moro! Kvar kveld var vi samla til ei andaktsstund, der to av ungdomsleiarane fortalde om trua si på Gud. Vi hadde det veldig kjekt, og vi vonar at endå fleire vil vere med neste gong det blir KRIK-tur!



Vakrare utsikt skal ein leite lenge etter!



Pustepause i sola.



Perfekte laussnøforhold!

Påskemotiv på Galleri-fronten

Av Finn Arne Roaldsnes

Fiksdal kyrkje vart oppattmåla til 100-årsjubileet i 1966. Den gongen var Ola Sæter fargekonsulent for oppussinga av kyrkja. Han laga då fire bilete på galleri-fronten. Bileta er frå venstre: Betlehem og stjerna, krossfestinga, Jesu grav og den tome grava med steinen som er velta vekk.



Ingvar Bøhn – lærar, prest og diktar


Av Per Bjørn Ellingseter

Mange av den litt eldre årgang av lesarar vil nok minnst denne songen frå skulesongboka:

*I djupe dalar og grøne lider,
å der er fagert om sumartider,
når soli lett over åsen stig
og jonsoknatti som draumen sig.*


*På høge hamrar er vent å gange
og sjå nedføre dei bygder mange!
Eg kann 'kje gløyma den glitre-fjord,
når kyrkjebåtan' om morgon ror.*

*Eg kann 'kje gløyme dei bjørkelundar,
der eg hev sprunge som barn innunder,
den litle stova i grøne vang,
der mor hev teke meg tidt i fang.*



Ingvar Bøhn, prest i Vestnes 1897-1908.

Det som kanskje ikkje er så godt kjent, er at denne songen vart skriven av ein tidlegare sokneprest her i Vestnes, Ingvar Bøhn (1838-1924). Bøhn var utdanna teolog, men det meste av yrkeslivet sitt var han lærar i folkehøgskulen. Det første og einaste prestekallet han hadde, fekk han nærare 60 år gammal, då han vart innsett som sokneprest i Vestnes. Han var her frå 1897 til



Dette er ei av songbøkene som Ingvar Bøhn gav ut.

1908. Då gjekk han av for aldersgrensa, og Jakob Sletten tok over kallet.

Bøhn gav ut fleire songbøker til bruk i både folkehøgskulen og folkeskulen, og skreiv sjølv mange songar. Han var folkehøgskulemann og norskskolemann, og dei fleste av tekstane hans var på nynorsk. Det er blitt sagt om Ingvar Bøhn at "på kateter og preikestol brukte han bokmål, men i hjarta var han målmann".

Ved slutten av tida si her i prestegjeldet, skreiv han inn i kallsboka nokre tankar etter opphaldet her, mellom anna dette: "Vestnesingen er i besiddelse av en gløghed og snartenkthed, en lethed i sit væsen og en modtagelighed for nye synsmåder, som ingenlunde er almindelig. Det er derfor, både i de åndelige ting og i hans materielle forhold, noget raskt og selvstændigt, noget foretagsomt og på mange måder dygtig ved ham." Bøhn bør også bli hugsa for at han var pådrivar for bygginga av ungdomshuset "Vonheim", som vart rive for nokre år sidan. Huset vart bygd i 1901, og presten nytta huset ofte til foredrag for kyrkjelyden. Bøhn ville at huset skulle nyttast både til det frilynde ungdomsarbeidet og til religiøse møte. Denne tanken fekk han mange med på, men til slutt vart det likevel til at det vart bygd eit bedehus og eit ungdomshus kvar for seg, noko Bøhn var svært skuffa over.

Bygdefolket sette pris på arbeidet som Bøhn gjorde for ungdommen, og på "Vonheim" hang det store portrett av presten og prestefrua på veggen. Desse bileta kan ein no sjå på Vestnes folkebibliotek.

Kari i Kaukasus

Kari Åshamar, som har vore lærar ved Gjermundnes vidaregåande skule i fleire år, arbeider no ved eit landbruksprosjekt i Azerbajdsjan. Vi har klipt litt frå breva hennar:

Hei alle saman!

No sit eg ved lånt maskin i 2. etg på NHE (Norwegian Humanitarian Enterprise) sitt kontor i Sjeke, ved foten av Kaukasus i Azerbajdsjan. Planen er å vere her fram til sommaren som volontør i landbruksprosjektet.



Kari i urtedrivhuset til dei fire damene.

Eg høyrer omnen durar ved sida, og kan sjå ut glaset på eit nake frukttre og greiner av ein vinstokk som er festa til stativ à la gammaldags klesnor (lagar skugge og søte druer når sommaren kjem). Bak treet er ein hagemur mot naboen.

Sjeke ligg ca 400 m.o.h., og er regionsenter i Sjeke region. Ca 4 mil lenger vest ligg Gakh. Begge kviler i skråninga litt opp frå elvesletta som stryk langs sørvestsida av Store Kaukasus heilt inn i Georgia. Bak reiser det seg bratte, delvis skogkledde åsar, oppskorne av elvedalar. Åsane støttar seg til høgare fjellryggar, frå

2800 m, og dei høgaste over 4000. På andre sida av sletta, mot sørvest, bøljar rundare åsar som byd på beite når det er vått nok.

Nesten alle bønder i Gakh har hassel. Hasselplantasjane blir tynna mest om hausten, men også no. Dei er alle-reie fulle av raklar, sidan det har vore så mildt her i vin-ter. Eg såg hasselgreiner kutta og samla i små vedknippe. Kasserte netter og skal er også god brensel, for eksempel i fyrkjelen til gassoppvarma plastdrivhus. Vi besøkte eit slikt for tomatar som var nytt i fjor, med driftskreditt frå prosjektet. Dette er ein moderne variant, men varme-systemet er dyrt. Eigarane er flyktningar. To damer var i full gang med å blande såingsjord av mold frå skogen og husdyrgjødsel. I år får dei ny plast på kreditt og skal betale etter at haustinga er over. Småbønder får ikkje driftskreditt i vanlege bankar.

I same landsby var vi innom ei ny gruppe av fire kvin-ner som vil satse på agurkdyrking, og dei får drifts-kreditt til plast, materialar, kvalitetsfrø m.m. Deira første sesong var i fjor.

Ynskjer dykk alle ei god helg, og kanskje ein karttur til Kaukasus! Tanken er raskaste reisemåten, og på den måten er eg i gamlelandet kvar dag.

Venleg helsing Kari

KORLEIS HAR DU DET
eigentleg?

 **Kirkens SOS 815 33 300**

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED NÅR LIVET ER SOM VERST
Du kan også skrive via www.kirkens-sos.no
Vi er her. Alltid!



Kari i Azerbajdsjan.

Konfirmantar i Vestnes kommune våren 2010

Vestnes kyrkje 25. april

Tomrefjordkonfirmantar

Brastad, Jørgen
Bårdsnes, Ragnhild
Djupvik, Malene Vik
Djupvik, Simen
Gjerde, Tom-Stian
Heggdal, André Perry
Krogsæter, Andreas
Langstein, Odd-Henning Misund
Lid, Gunnar Vincent
Lid, Liva Valvatne
Pedersen, Ken Robin Aspelund
Rekdal, Anna Lovise
Valen, Henrik William
Wiik, Jeanette

Vestnes kyrkje 02. mai

Tomrefjordkonfirmantar

Gravdehaug, Marcus
Holm, Henriette Nordby
Myrvold, Morten Oddmund Vik
Nilsen, Fredrik Aas
Nybo, Sandra Therese Vik
Sagen, Stefan Værnes
Sandnes, Tommy Skeide
Ulvestad, Jan Robin Mekvik
Vik, Fredrik
Ødegård, Camilla Mariann
Aas, Andreas

Tresfjord kyrkje 09. mai

Daugstad, Erika Kanishi
Kjersem, Jøran Furland
Krogsæter, Paul Morten Skorgenes
Lindset, Elin
Lindset, Mariell Aardal
Løkke, Ole Kristian
Løvik, Hans Martin Kjersem
Morsund, Marianne
Olsen, Erlend Kjersem
Sandøy, Vebjørn
Stavem, Amund
Steen, David
Stenødegård, Simon Andre
Valldal, Hege Kristin Skjeggstad
Venås, Per Stian Storsten
Villa, Johannes Eidhammer
Våge, Ruben Vike

Fiksdal kyrkje 09. mai

Bjerkevoll, Aleksandra
Ellingseter, Susanne
Kjelsvik, Marlin Nakken
Nakken, Benette Kristina
Nakken, Mariette Petricia

Solbakken, Thomas
Søberg, Erlend
Talleraas, Live Marie Lereggen
Øygard, Benedicte Eik

Vestnes kyrkje 13. mai

Vestneskonfirmantar

Andersen, Nikolai Nyheim
Andersen, Patrick Nyheim
Augdal, Thomas
Brastad, Annelen Lindheim
Bunom, Phimpan
Finnøy, Jonas Breivik
Gjelstenli, Stine Hagerup
Gravdehaug, Kevin
Henriksen, Ole-Kristian
Hovde, Jørgen Liabø
Høgset, Åshild Bygdås
Isham, Kristina Eriksen
Kirkeslett, Joakim Hoset
Michaelis, Georg
Mjøs, Helene
Nordeide, Knut Andre Henriksen
Overaa, Odin Sunde
Rekdal, Niklas
Solholmvik, Maiken Larsen
Sundnes, Jørgen
Sæter, Kristian Lied
Voldsund, Markus Andre

Vestnes kyrkje 16. mai

Vestneskonfirmantar

Baguio, Francis Vic Luigi
Nerheim, Ragnhild-Marie Reistad
Overå, Martine
Solberg, Malin Liabø
Stenødegård, Simon Andre (konf. Tresfj. 9. mai)
Søholt, Lovise Sundkvist
Thoresen, Kari Elisabeth
Tomren, Celina Larsen
Vereide, Linnea Karoline
Vestnes, Ingrid
Øveraas, Falk Daniel Låmar
Øverås, Vegard
Øvstedal, Susanne Stenødegård
Aas, Fredrik Johan

Vike kyrkje 23. mai

Balstad, Kjetil
Gisnås, Ingrid
Gjerstad, Andreas Mathiassen
Gjerstad, Kristoffer Mathiassen
Lien, Lars Håvard Heen
Smogeli, Robert

KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Adresse: Kyrkjekontoret
6390 Vestnes

Kontonummer:
4056.20.62124

E-post adr.:
kyrkja@vestnes.kommune.no

*

*Vi oppfordrar dei som måtte ha
forslag til stoff eller noko dei vil
ha med i Kyrkjebladet, om å ta
kontakt med redaksjonen*

Takk!

VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope måndag - torsdag kl. 08.30-15.00
Telefaks: 71184231

Finn Arne Roaldsnes, sokneprest
Telefon: 71184234 / 90829737
E-post: finn.arne.roaldsnes@vestnes.kommune.no

Signe Hellevik, sokneprest
Telefon: 71184236 / 91123045
E-post: signe.hellevik@vestnes.kommune.no

Reidun Blø, kontorsekretær
Telefon: 71184232
E-post: reidun.blo@vestnes.kommune.no

Toril Løseth, kyrkjevevjer,
Telefon: 71184235 / 48155034
E-post: kyrkjevevjer@vestnes.kommune.no

Sigurd Moltubak, diakon:
Telefon: 71184237 / 92086951
E-post: diakon@vestnes.kommune.no

Sissel Schjøtt, kantor:
Telefon: 71184230 / 95270346
E-post: sissel.schiott@vestnes.kommune.no

Solveig Frafjord, barne og ungdomsarbeidar:
Telefon: 71184238 / 98657312
E-post: solveig_fra@hotmail.com

Geir Falch, kyrkjetenar: Telefon: 93491298



Glimt frå konfirmantundervisning.

Slekters gang

Vestnes kyrkje

Døypte:

27.12 Johan Ødegård Leikanger
10.01 Emiliam Walter Nerhus Mikalsen
07.02 Kornelius Lønseth Skogvoll
07.02 Endre Sørvik
21.02 Olava Gurskevik Bårdsnes
21.02 Simen Jensen-Vegsund
21.02 Elias Eidhammer Aarnes
07.03 Erika Malene Madsen Kjøpstad
07.03 Elin Alexandra Madsen Kjøpstad
07.03 Scott Alexander Bårdsnes Langstein
07.03 Johanne Kjerstad

Døde:

25.11 Anders Stenødegård
27.11 Solveig Langset
29.11 Normann Bjørlo
12.12 Bernt Skjønberg

17.12 Ingeborg Marie Lid
21.12 Helga Aasebø
04.01 Ruth Vestnes
14.01 Lovise Frostad
24.01 Ole Karsten Nakken
31.01 Lilly Uren
08.02 Unni Blø
13.02 Erling Løndal
22.02 Johan Selnes
27.02 Torstein Reistad

Fiksdal kyrkje

Døypte:

10.01 Benedicte Ailin Furland Frostad
10.01 Martinus Tomren Slemmen

Døde:

22.12 Rachel Lien
31.12 Johan Ellingsæter

Tresfjord kyrkje

Døypte:

26.12 Rebecca Robertsen
17.01 Isabell Mehl-Sandnes
28.02 Justin Longva Sæter

Døde:

27.12 Kirsten Nerås
04.01 Ingvar Jostein Rypdal

Vikekyrkje

Døypte:

14.02 Liv Nyhagen Clarke
14.02 Elias Leikarnes-Villa

Nytt inngangsparti ved Vestnes kyrkje

Av Torill Løseth


Dette vart ei praktisk og god løysing som også er fin for auget som ser, og som kunne godkjennast av Riksantikvaren.

Sidan golvet i våpenhuset ligg ca.80 cm over terrenget ute, vart området framfor hovudinngangen heva, og det vart laga ein permanent "rampe" med lengde på 7,7 meter og ei stigning på 1:13. Det er lagt ned varmekablar i den skifer-lagde rampen, slik at ein kan halde han fri for is og snø. Vegane frå begge sider inn mot rampen er blitt asfalterte, og området rundt vil bli grønt med grasdekke.

Ein har altså no fått eit flott inngangsparti som fungerer svært godt både for rullestol-brukarar, når ei kiste skal berast ut, og for alle andre som ferdast der ved alle årstider!



No blir det lettare for alle å komme seg inn i kyrkja.



Renovert steinmur

Av Geir Falch

I forbindelse med vedlikehald av steinmurar ved Vestnes kyrkjegard er det gjort ein flott jobb. Han blei reiven ned og bygd opp igjen på fleire stader der muren var nedrast, noko som var både farleg og stygt å sjå på. Det blei fylt singel i kjernen av muren og ny betongtopp på mur med armering i. Det er også blitt gjort forsterkningar i den muren som ikkje var nedrast, for å hindre at ikkje den også skal rase ned. Totalt 100 meter er med dette vedlikehalde. Med nytt inngangsparti og utbetring av kyrkjegardsmuren har Vestnes kyrke/ kyrkjegard fått eit betydeleg løft som vi håper vil vere til glede for alle.

Takkar med dette J. O. Moen Anlegg AS for eit flott arbeid og eit godt samarbeid.

Nyrenovert steinmur.

Gudstenester i Vestnes

21. mars Maria bodskapsdag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste v/ Roaldsnes.

Utd. av CD til 2. klasse frå Helland. Barnekoret deltek. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Barnas misjonsdag v/ Hellevik.

Utd. av CD til 1. klasse. Kyrjekaffi.

Takkoffer til Misjonsprosjektet.

Tresfjord kyrkje kl. 18.00

Familiegudsteneste v/ Roaldsnes.

Utd. av bok til 1. klasse.

Takkoffer til Topp Safari.

28. mars Palmesøndag

Myra kulturhus kl. 11.00

Storfamiliegudsteneste v/ Hellevik.

Takkoffer til Norsk søndagsskuleforb.

01. april Skjærtorsdag

Tomresætra, Varmestua kl. 12.00

Sportsandakt v/ Roaldsnes.

Takkoffer til KFUK/ KFUM.

Tresfjord trygdeheim kl. 11.00

Nattverdsgudsteneste v/ Hellevik.

Vestnes kyrkje kl. 19.00

Nattverdsgudsteneste v/ Beverfjord.

Takkoffer til Diakoniarbeidet i kyrkjelyden.

02. april Langfredag

Vike kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste v/ Hellevik.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Vestnes sjukeheim kl. 16.00

Nattverdsgudsteneste v/ Hellevik.

Takkoffer til Misjonsprosjektet.

03. april Påskena

Vestnes kyrkje kl. 23.00

Påskenaattsmesse v/ Hellevik og Roaldsnes.

Takkoffer til Amatea.

04. april 1. påskedag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgtidsgudsteneste v/ Roaldsnes.

Takkoffer til Normisjon.

Fiksdal kl. 11.00

Høgtidsgudsteneste v/ Johan Grytten frå Den

Norske Israelsmisjon og Hellevik.

Takkoffer til Den Norske Israelsmisjon.

05. april 2. påskedag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgtidsgudsteneste v/ Roaldsnes.

Takkoffer til Norsk kyrkje i utlandet.

11. april 1. s. e. påske

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Ekumenisk gudsteneste.

Takkoffer til Misjonsforbundet.

14. april Onsdag

Vestnes kyrkje kl. 19.00

Samtalegudsteneste for Tomrefjord-

konfirmentane v/ Hellevik.

18. april 2. s. e. påske

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd v/ Beverfjord.

Takkoffer til Den indre Sjømannsmisjon.

Vike kyrkje kl. 16.00

Familiegudsteneste v/ Roaldsnes.

Utd. av Cd til 1. klasse.

Takkoffer til Trusopplæringsprosjektet.

21. april Onsdag

Fiksdal kyrkje kl. 18.30

Samtalegudsteneste v/ Roaldsnes.

25. april 3. s. e. påske

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudst. gr. 1 Tomrefjord,

v/ Hellevik. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

28. april Onsdag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Samtalegudsteneste for Vike- og Tresfjord-

konfirmentane v/ Hellevik.

Takkoffer til KRIK.

02. mai 4. s. e. påske

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudst. gr. 2, Tomrefjord,

v/ Hellevik. Takkoffer til KRIK

05. mai Onsdag

Vestnes kyrkje kl. 18.30

Samtalegudst. for Helland v/ Roaldsnes.

09. mai 5. s. e. påske

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste v/ Roaldsnes.

Takkoffer til Eigen kyrkjelyden.

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste v/ Hellevik.

Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

13. mai Kristi himmelfartsdag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste, gr. 1

Helland v/ Roaldsnes.

Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

16. mai 6. s. e. påske

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste, gr. 2

Helland v/ Roaldsnes.

Takkoffer til Trusopplæring.

17. mai Grunnlovsdagen

Fiksdal kyrkje kl. 10.00

Festgudsteneste v/ Roaldsnes.

Takkoffer til NKSS.

Vestnes kyrkje kl. 11.30

Festgudsteneste v/ Roaldsnes.

Takkoffer til Asyl-borna.

Vike kyrkje kl. 10.00

Festgudsteneste v/ Hellevik.

Takkoffer til Kirkens SOS lokalt.

Tresfjord kyrkje kl. 11.30

Festgudsteneste v/ Hellevik.

Takkoffer til Redd Barna.

23. mai Pinsedag

Vestnes kyrkje kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste

v/ Beverfjord. Takkoffer til Misjonsselskapet.

Vike kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste v/ Hellevik.

Takkoffer til KRIK-Vestnes.

24. mai 2. pinsedag

Korsstøneset kl. 11.00

Krossvandringsmesse v/ Roaldsnes.

Tresfjord kyrkje kl. 18.00

Kveldssong v/ Hellevik.

Takkoffer til Nordm. og Romsd. Indremisjon.

30. mai Treeiningssøndag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd v/ Hellevik.

Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

06. juni 2. s. e. pinse

Kyrkjelydstur.

13. juni 3. s. e. pinse

Varmestua på Tomresætra kl. 12.00

Skaparverkets dag v/ Hellevik.

Takkoffer til NKSS

20. juni 4. s. e. pinse

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste v/ Hellevik.

Takkoffer til Bibelselskapet.

27. juni 5. s. e. pinse

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd

v/ Roaldsnes. Takkoffer.

Vike kyrkje kl. 18.00

Gudsteneste med nattverd v/ Roaldsnes.

Takkoffer til Leger uten grenser.